



Arealdel kommuneplan for Fedje kommune

Revisjon 2015

Planskildring

Framlegg juli 2015



Bakgrunn for revisjon av plankart

Kommunestyret gjorde den 14. mars 2013 som sak 013/13 vedtak om kommuneplan for Fedje for 2012 – 2024. Vedtaket omfatta samfunnsdel, ROS-analyse, planskildring, konsekvensutgreiing, plankart og føresegner. I vedtaket vart det ikkje teke omsyn til merknader som grunneigarane kom med då planen låg ute til offentleg ettersyn.

I kommunestyremøtet den 14. mars 2013, vart det i sak 014/13, gjort vedtak om revisjon av arealdelen av kommuneplanen. I denne saka var grunneigarane sine merknader drøfta og rådmannen hadde tilråding til kva for ønske som skulle vera med i revidert arealdel til kommuneplanen. Kommunestyret gjorde justeringar av tilrådinga i sitt vedtak.

Om handsaminga

Det reviderte framlegget (Revisjon 2015) vert no handsama i samsvar med §11-15 første ledd, andre punktum i plan- og bygningslova (pbl). Dette tyder at høyringa og handsaminga berre gjeld dei delande som er endra i høve til vedteken plan.

Konsekvensutgreiing må til dersom ein vil at areal som er LNF-område etter kommuneplan 2000-2012, skal verta byggeområde. Dersom ønsket om endring krev konsekvensutgreiing, krev det og planprogram. Dette følgjer av § 4-1 første ledd i pbl. Planprogrammet må på høyring før ein startar arbeidet med revidert plan.

Om ein samanliknar plan 2000-2012 med 2012-2024, vart det eit stor reduksjon av byggeområda. Revisjon 2015 aukar byggeområdet. All auke av byggeområdet gjeld areal som etter kommuneplan 2000-2012, var byggeområde. Eit område er endra frå LNF til LNF-spreidd slik det var i plan 2000-2012. Revisjon 2015 er difor slik at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing.

Nokre av grunneigarønska krev konsekvensutgreiing i samsvar med andre ledd i § 4-2 i pbl. Desse er det ikkje teke omsyn til.

Oversyn over endringar i Revisjon 2015

Tabellen syner kva for eigedom den einskilde grunneigar ville ha endring av arealføremål for, kva arealføremålet er i plan 2000-2012, kva arealføremålet er i plan 2012-2024, kva for arealføremål grunneigaren vil ha og dei endringane som er med i Revisjon 2015 (kolonne H). Dei grunneigarane som ikkje har fått tal i kolonne H, har ikkje fått ønsket sitt oppfylt. Grunngeving for dette står i saksutgreiinga i k-sak 014/13.

Framlegg frå :

Grunneigarar	A	B	C	D	E	F	G	H
Ingard Kahrs	X		169/66	LNF-S	LNF-S, LNF	b	X	1
Torill Horgen		X	169/1	LNF-S	naust	LNF-S		
Jan Mongstad	X		169/29	LNF	LNF	b	X	
5 gr.eig. Moldøy/Skoth.	X		170	b	LNF	b		2
Hans Erik Waage	X	X	172/218, 228	b	LNF	b		3
Karin og Alf Hestenes	X		169/121, 170	b	LNF	b		
Oddleif Stokholm	X		168/3	b og LNF	LNF	b	X	4
Egil Waage	X		172/9,83,157	b	LNF	b		3
Vidar Stormark	X		172/197	b	LNF	b		
S. Ophaug/ M. Opsahl	X		168/2, 228	b	Friområde	b		
Harald Husa	X		172/101	b	LNF	b		
Alf Gullaksen	X		168/17	b	b og LNF	b		
Nina Nygård Moldøy	X		172/232	b	LNF	b		5
B. Tangen / E. Færøy	X	X	168/30	b	b og LNF	b		6
Ørjan og Odrun Borge	X		172/79	LNF	LNF	b	X	
Idar Tangen	X	X	168/378	b og hamn	b, småbåt	b		7
Einar Kahrs	X		169/1	LNF-S	naust	LNF		
Lars Selmar Alsaker	X		167/2	b	b og LNF	meir b		8
Jan Bringeland	X							

Framlegg frå kommunestyret 14. mars 2013:

Grunneigar: S. Ophaug/M. Opsahl	168/2,228	b	friområde			9
---------------------------------	-----------	---	-----------	--	--	---

Framlegg frå administrasjonen i 2015 :

Einar Kahrs	169/1	Feil ved byggegrense	10
Steine Invest og Kåre Hestenes	169/4, 171	Snuplass i Hesteneset er vorte køyreveg	11
Fedje kommune	168/519	Endring byggeområde i samsvar med dispensasjon som er gjeve.	12
Sigbjørn Rognsvåg	168/27	Nytt naustområde	

A : Ønsker endring på eigen eigedom

B : Ønsker endring på andres eigedom

C : gnr/bnr

D : arealføremål i plan 2000-2012

E : arealføremål i plan vedteken av kommunestyret 14. mars 2013

F : grunneigar sitt ønske om arealføremål i ny plan

G : grunneigar sitt ønske krev konsekvensutgreiing

(endringa gjort på kart nr. 1 og kart nr 4, krev ikkje konsekvensutgreiing)

H : Ved handsaminga i kommunestyret i 2013 gjorde adm framlegg om endringar.

Kommunestyret slutta seg til desse og kom i tillegg med framlegg til endringar

Tal i kolonne H syner til kart der endringane er synt.

LNF-S = LNF med spreidd utbygging

b = byggeområde

Generelt om endringane

Gamal plan = arealdel kommuneplan **2000-2012**.

Ny plan = arealdel kommuneplan **2012-2024** som gjeld pr i dag.

Revisjon 2015 = framlegg til endringar av eksisterande plan

Der byggeområda er endra i Revisjon 2015, er byggegrensa endra tilsvarande.

Om dei einskilde endringane

Kart som syner endringane, finn ein på side 9 til 21. På side 22 er det eit kart som syner dei samla endringane. På side 23 er teiknforklaringa til kommuneplanen.

Ingard Kahrs – kart nr. 1 :

Merknaden frå Ingard Kahrs gjeld arealet nord for naustområdet i Sulefjæra. Arealet er etter gamal plan sett av til LNF-område med høve til spreidd utbygging. Etter ny plan er arealet LNF-område. Ingard Kahrs vil at området vert byggeområde.

Å gjera området om til byggeområde vil krevja planprogram og konsekvensutgreiing. Området er i Revisjon 2015 ført attende til LNF-område med høve til spreidd utbygging slik det var i gamal plan. Byggegrensa mot sjø er justert tilsvarande. Området vert ein del av eit større LNF-område med høve til spreidd utbygging.

5 grunneigarar på. Moldøy/Skotholmen – kart nr. 2 :

Dei 5 grunneigarane er : Haldis Moldøen (170/2), Stian Rogsvåg (170/3), Oddleif Stokholm (170/1), Karstein Moldøen (170/12,55), Karin Moldøen (170/5,38,53,65).

Heile Lyngskotholmen, Skotholmen og Moldøy er etter gamal plan byggeområde. Etter ny plan er den søre delen som er teke i bruk, byggeområde. Dei nordre delane av holmane er i ny plan LNF-område. Dei 5 vil at alt areal på holmane framleis vert byggeområde.

Deler av området som etter ny plan er LNF-område, vil ikkje vera muleg å ta i bruk som byggeområde fordi det er for verhardt.

Mot nordvest er byggeområdet utvida i samsvar med f-sak 039/13. Denne saka var eit rammeløyve for fritidsbustad som vart handsama etter gamal plan. Mot søraust er byggeområdet utvida slik at tomt for bustad frådelt i 2013 etter gamal plan, kjem innafør byggeområdet (170/73).

Hans Erik Waage og Egil Waage – kart nr. 3 :

Merknaden frå Egil Waage gjeld 172/9, 172/83 og 172/157. Bustaden står på 172/157.

Heile bnr. 9 som er innmark, var i gamal plan byggeområde saman med 35 mål av utmarka (bnr. 83). Over halvparten av innmarka er i ny plan vorte LNF. Waage ber om at LNF vert gjort om til LNF-spreidd.

Merknaden frå Hans Erik Waage gjeld 172/228 som er bustaden han bur i og 172/218 om er ei nausttomt med eit lite naust på.

Når det gjeld utmarka, er største delen LNF både etter gamal og ny plan. Byggeområdet i utmarka er om lag halvert etter ny plan.

I gamal plan gjekk byggeområdet her heilt ned til sjøen. Nausttomta (172/218) er i ny plan LNF. Det er og delar av bustadtomtene til Egil Waage og Hans Erik Waage.

At delar av bustadtomtene har vorte LNF-område i ny plan, har samanheng med den funksjonelle strandsona slik denne vart definert av AsplanViak i landskapsanalysen. Arealet mellom den funksjonelle strandsona og sjøen, er i ny plan i dette området sett av til LNFområde.

Å fastleggja kor grensa til den funksjonelle strandsona går, er til dels ei oppgåve som er å utøve skjønn. For nokre område har vi sagt oss usamd i dei vurderingane som AsplanViak gjorde i landskapsanalysen når det gjeld å fastleggja kor grensa for den funksjonelle strandsona går. Dette er tydeleg mellom anna på Nygård. I det aktuelle området har vi i ny plan halde oss til landskapsanalysen

Eigedomen 172/228 er på vel 2 mål. Kortaste avstand frå eigedomen til sjø, er 70 m. Å seia at halvparten av den er i LNF-område når den har vore byggeområde tidlegare, er uheldig. Eigedomen vart frådelt i 2010. Heile eigedomen 172/228 vert liggande i byggeområde i Revisjon 2015. Tilsvarande for 172/157.

Ved grensa mellom innmark og utmark, er det to naust. Det eine står på bnr. 218, det andre på bnr. 83. Desse ligg etter gamal plan i byggeområde og etter ny plan i LNF-område. Eg gjer framlegg og at det her vert sett av eit naustområde med ei lengde langs strandlinja på om lag 40 m. Området omfattar dei to eksisterande nausta. Dei tek halvparten av strandlinja på 40 m.

Området som etter gamal plan var byggeområde, vert LNF-spreidd i Revisjon 2015. Punkt 5.5 i føresegnene vert endra til :

5.5 Område sett av til LNF-spreidd busetnad kan i planperioden byggjast ut/frådelast med definert omfang i lista under. Heimel : pbl § 11-11 nr. 2.

Områdenamn	Omfang
Kahrs	10
Stormark	10
Sildevågen	5

Oddleif Stokholm – kart nr. 4 :

Merknaden frå Oddleif Stokholm gjeld 167/3 som ligg nord for Varden hyttfelt. Eigedomen har eit areal på 16 mål.

16 % av eigedomen ligg i byggeområde etter gamal plan. 84 % av eigedomen er LNF-område etter gamal plan. Heile eigedomen er LNF-område etter ny plan.

Oddleif Stokholm ber om at det som var byggeområde etter gamal plan, framleis vert byggeområde pluss at litt av det som var LNF etter gamal plan, vert byggeområde. Han ber om få utvikla eigedomen på lik linje som Varden hyttefelt.

Å gjera det som er LNF-område etter gamal plan om til byggeområde, vil krevja planprogram og konsekvensutgreiing.

Merknaden frå Oddleif Stokholm vert imøtekomen slik at 1,7 mål av eigedomen vert byggeområde i Revisjon 2015. Dette er 65 % av arealet som var byggeområde etter gamal plan. Resten er det ikkje forsvarleg å bygga på.

Nina Nygård Moldøy – kart nr. 5

Merknaden frå Nina Nygård Moldøy gjeld 172/232. Eigedomen ligg på sørsida av vegen Fedjemarka. Etter gamal plan er heile eigedomen sett av til byggeområde. Etter ny plan er eigedomen LNF-område.

Nina Nygård Moldøy ber om at den delen av eigedomen mot aust som ikkje er myr, vert byggeområde.

Årsaka til at eigedomen er vorte LNF-område i ny plan, er vi har sett det som uheldig at området kring Grønevasstjørna var byggeområde. På sørsida at vatnet er det dessutan berre ei smal stripe mellom nedslagsfeltet til Storavatnet (drikkevasstjelde) og Grønevasstjørna. I prosessen med å laga planen har vi her vore for harde. Delar av området på austsida av vatnet, attmed vegen som leiar til eigedomen til Sissel Storemark, kunne vore byggeområde sjølv om det er LNF-område kring vatnet. Situasjonen er den same for bustadhuset på 172/16 som for eigedomen til Nina Nygård Moldøy.

Merknaden frå Nina Nygård Moldøy vert delvis imøtekomen med justering av grensa for byggeområdet. Tilsvarande for 172/16 og for 172/106.

I dette området manglar det byggegrense mot Grønevasstjørn og Husavatnet. Dette er no kome med. Byggegrensa ligg i skiljet mellom byggeområde og LNF-område.

Berit Tangen og Else Færøy – kart nr. 6 :

Merknaden frå Berit Tangen/Else Færøy gjeld 168/30 sin parsell ved Sildevågen. Parsellen har eit areal på 29 mål pluss Sildegardsholmen på 3 mål. Etter gamal plan er heile parsellen sett av til byggeområde. Etter ny plan er 14 mål byggeområde. Etter ny plan er det krav om reguleringsplan for byggeområdet.

Berit Tangen/Else Færøy vil at det skal vera muleg å byggja naust, leggja ut flytebrygger osv. langs strandlina. Dei meiner byggeområdet får betre kvalitetar om dette vert muleg.

I føresegnene står det følgjande om naustområdet Sildevågen :

2.1.1 Området som er lagt ut til naust og småbåthamn i sjø i Sildevågen, nummerert som 27 i plankartet, skal inngå i reguleringsplanen for utvidinga av feltet Husøyyna, merka som nr 2 i plankartet. Heimel: pbl § 11-9 nr.1.

Synspunktet til Berit Tangen/Else Færøy om tilknytning til sjø for nye bustadtomter, er difor teke omsyn til.

Naustområdet i Sildevågen vart redusert etter at kommunen møtte statlege og fylkeskommunale organ i planforum den 24. april 2012. Før møtet, omfatta naustområdet heile strandlinja til 168/30.

I 2011 vart det frådelt ein nausttomt frå eigedomen til Tangen/Færøy. Denne ligg attmed området regulert til naust. Eg synes det er uheldig at ei tomt som er frådelt for kort tid tilbake, ikkje vert muleg å nytta. Eg gjer difor framlegg om at naustområdet i Sildevågen vert justert i revidert plan slik at 168/490 vert ein del av naustområdet.

Idar Tangen - kart nr. 7 :

Merknaden frå Idar Tangen gjeld grense for område med krav til reguleringsplan på austssida av Rognsvågen, sone nr. 1 (# 1).

Idar Tangen vil at denne grensa vert endra slik at det vert samsvar mellom reguleringsplan som han har fremja og kommuneplanen.

Reguleringsplanen vart vedteken av kommunestyret 27. februar 2014. Merknaden vert imøtekomen.

Lars Selmar Alsaker - kart nr. 8 :

Merknaden frå Lars Selmar Alsaker gjeld 167/2 og 167/5. Alsaker eig begge eigedomane. Eigedomen 167/2 har fleire teigar. Parsellen ved Rognsvågen har eit areal på 11 mål. 1,7 mål er sett av byggeområde i ny plan. Eigedomen 167/2 omkransar 167/5. Det er noko uklårt kor 167/5 ligg.

På byggeområdet i ny plan står bustadhuset og naustet som høyrer til eigedomen. Framfor naustet er det i sjø areal for småbåthamn. I gamal plan er heile parsellen byggeområde. Heile parsellen ligg i den funksjonelle strandsona.

Lars Selmar Alsaker vil at byggeområdet i ny plan vert større. Han har levert kart som syner dette. Merknaden vert imøtekomen.

Framlegg frå kommunestyret – kart nr. 9 :

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i k-sak 014/13 :

Magnhild Opsahl og Solveig Ophaug sin eigedom i Løbrekko: Redusere friområdet noko, så det ved ein eventuell vegutbygging vert plass til oppbygging av ny løe.

Framlegg frå administrasjonen - kart nr. 10 :

I tredje ledd i § 1-8 i plan- og bygningslova, står det :

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.

Forbudet i andre ledd er det generelle forbudet i 100-metersbeltet.

Regelen i kommuneplan 2012-2024 er at det er sett ei byggegrense i kanten av byggeområda og LNF-spreidd. På Mula er det gjort det eg vil kalla ein feil. Eit byggeområde i sjøkanten ligg utan byggegrense. Dette er retta opp i Revisjon 2015.

Framlegg frå administrasjonen - kart nr. 11 :

Snuplass der vegen til Hesteneset sluttar, er hamna i LNF-område. I revisjon 2015 er snuplassen køyreveg.

Framlegg frå administrasjonen - kart nr. 12 :


Byggeområdet i Husøyna er utvida i samsvar med vedteken dispensasjon. K-sak 005/15 og dftm-sak 012/15.

Framlegg frå administrasjonen - kart nr. 13 :


Landområda kring heile Rognvågen var i gamal plan byggeområde. Ein del av dei ytre delane er i ny plan gjort om til LNF-område. Dette er område som var og er ubebygde. For ein stor del er dei forverharde til å byggja ut. Etter ønske frå grunneigar gjer vi framlegg om eit nytt naustområde ved enden av Sjønesvegen. Nausta i det nye området vil koma nær eksisterande naust og fritidsbustader.

1

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN. Gnr.169, bnr. 66. Ingard Kahrs




**KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gnr.169, bnr. 66. Ingard Kahrs.
Endring frå LNF til LNF-S (var LNF-S i kommuneplan 2000-2012)**




2

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN. Moldøy/Skotholmen.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gjeld gnr.170, bnr. 1, 2, 3, 5, 8, 73 og 74.

Endring frå LNF til Byggingar og anlegg (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012)




3

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN. Sildevågen..




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gjeld deler av gnr. 172, bnr. 9, 28, 83, 157 og 228. Endring frå LNF til LNF-spreidd (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012). Utvida byggeområdet ved gnr. 172, bnr. 157 og bnr. 228. Laga naustområde.




4

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN. Gnr. 167, bnr. 3




**KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gjeld del av gnr. 167, bnr. 3.
Endring frå LNF til Byggingar og anlegg (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012).**




5

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN. Gnr. 172, bnr. 16, 106 og 232.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gjeld del av gnr. 172, bnr. 16, 106 og 232. Endring frå LNF til Byggingar og anlegg (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012).




6

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN. Gnr. 168, bnr. 490.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gjeld gnr. 168, bnr. 490. Endring frå LNF til Naust (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012).




7

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDTEKEN PLAN.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Planen er tilpassa vedteken privat reguleringsplan. Idar Tangen.




8

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDTEKEN PLAN. 167/2.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. 167/2. Byggeområde tilhørende 167/2 er utvida. (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012)




9

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN. Løebrekko.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gjeld del av gnr. 168, bnr. 2. Endring frå Friomåde til Byggingar og anlegg (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012).




11

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDTEKEN PLAN. HESTENESET.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Snuplass i Hesteneset er vorte køyreveg. (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012)




12

KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDTEKEN PLAN.




KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Utviding av byggeområde i samsvar med vedteken dispensasjon. (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012)




13


KOMMUNEPLAN 2012-2024. UTSNITT AV VEDETEKEN PLAN.



KOMMUNEPLAN 2012-2024. FRAMLEGG TIL ENDRING. Gnr. 168, bnr. 27. Nytt naustområde. (var byggeområde i kommuneplan 2000-2012)



Kvite felt var byggeområde i kommuneplan 2000-2012. I kommuneplan 2012-2024, vart dei LNF-område. I Revisjon 2015 er dei igjen bygningar og anlegg.



FEDJE KOMMUNE

AREALDEL TIL KOMMUNEPLANEN 2012-2024

TEIKNFORKLARING

Eksisterande Nye

Bygningar og anlegg (pbl §11-7 NR.1)

		Bygningar og anlegg
		Fritidsbusetnad
		Offentleg eller privat tenesteyting
		Næringsbygningar
		Andre typar bygningar og anlegg
		Kombinert byggje- og anleggsformål



Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §11-7 NR.2)

	Køyreveg
	Lufthamn
	Hamn






Grøntstruktur (pbl §11-7 NR.3)

	Frømråde
---	----------







Landbruks-, natur- og friluftsmål (pbl §11-7 NR.5)

	LNF
	LNF - for spreidde bustader, fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m.


Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl §11-7 NR.6)

	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
	Farleier
	Småbåthamn
	Fiske
	Akvakultur







Omsynsoner (pbl §11-8)

	Sikringsone - Nedslagsfelt drikkevatt
	Støysone - Gul sone etter T-1442
	Bandlegging etter lov om naturvern
	Bandlegging etter lov om kulturminne
	Sone med særlege omsyn - Bevaring naturmiljø
	Detaljeringsone-Reguleringsplan skal framleis gjelde


Soner med føresegner (pbl §11-9)

	Sone med krav om områderegulering
---	-----------------------------------


Linje- og punktsymbol

	Sikringssonегrense
	Bandleggingsgrense
	Detaljeringsgrense
	Bestemmelsegrense
	Planen si avgrensing
	Grense for arealformål

Juridiske linjer

	Byggjegrense mot sjø
---	----------------------

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

	Automatisk freda skipsvrak
---	----------------------------